

Søknad

Søknadsnr.	2019-0271	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Utviklingsprosjekt Øyraplassen 14 AS (villakssenter og kunstmuseum)			

Kort beskrivelse

Me ønsker å utvikle utstillingar og innhald i Villakssenteret til å bli ein internasjonalt konkurranse-dyktig attraksjon. Dette er det grunnleggande elementet som må halde god nok kvalitet for å nå dei mål som er sette. Me ser utstillingar, bygg og uteområde som ein del av den totale opplevinga. Det me har, skal omformast til eit opplevingstilbod som legg til rette for å nå måla om besøk, omsetnad og ei heilskapleg oppleving.

Prosjektbeskrivelse

Bakgrunn

Staten er i ferd med å stifte Nasjonalt villakssenter, med villakssenteret i Lærdal som ein av fire einingar. Senteret i Lærdal vart opna i 1996, og har trong for å utvikle produktet og gje «nytt liv» til utstillingar og formidlingsaktivitet. Samstundes har det nystifta Nasjonalt Villakssenter trong for ein felles plattform for formidlinga av laksen sitt fantastiske liv.

Kommunen har oppretta eit eigedomsselskap med ansvar for forvaltning, drift og utvikling av bygget villakssenteret er ein del av. I dag er det eigd 100% av Lærdal kommune.

Gjennom ein intensjonsavtale er Lærdal kommune og Flåm AS samde om - med utgangspunkt i villaksen – å utvikle bygget til eit heilskapleg opplevingssenter. Det er sett følgjande målsettingar:

1. Å skape eit opplevingssenter med utgangspunkt i villaksen som er internasjonalt konkurransedyktig, kan handtere 70 000 besøkande årleg, inntil 1000 besøkande om dagen, servere mat til 200 gjester samstundes, rommar butikk(ar) og kan ta i mot 10 bussar om gongen.
2. Det nye attraksjonen skal vere på plass og opne sesongen 2021.

Me ønsker å utvikle utstillingar og innhald i Villakssenteret til å bli ein internasjonalt konkurranse-dyktig attraksjon. Dette er det grunnleggande elementet som må halde god nok kvalitet for å nå dei mål som er sette. Me ser utstillingar, bygg og uteområde som ein del av den totale opplevinga. Det me har, skal omformast til eit opplevingstilbod som legg til rette for å nå måla om besøk, omsetnad og ei heilskapleg oppleving. Det betyr å sjå eksisterande bygg, utstillingar og uteområde i samanheng.

Det er eit krav at kultur/kinosalen skal fungere som eit kommunalt kulturhus og kinosal.

Utviklingsprosess og samspel

Me har behov for å få fram idear og innspel til korleis dette kan løysast, utan å vere låst av noverande arealdisponering og bygningskropp. Prosessen vil krevje eit samspel mellom arkitektar, utstillings- og formidlingsdesignarar. Resultatet skal konkretiserast gjennom eit samspel med Nasjonalt villakssenter,

byggeigar og Flåm AS. Prosessen skal gje oss konkrete framlegg til utstillingar og formidlingsverktøy, samt justeringar og tilpassingar av bygg og uteområde innanfor ein arkitektonisk heilskap. Det er rom for å ta i bruk eksisterande areal til andre føremål og komme med framlegg til bygningsmessige justeringar eller tilbygg. Me ønsker å tenke djervt og langsiktig og ser føre oss eit forprosjekt med ei kostnadsramme på kring 700 000 kr.

Utstillingar og grep knytt til formidlinga av kunnskap om villaksen, ser me føre oss har ei kostnadsramme på 5-10 mill kroner.

Kostnader knytt til bygningsmessige tilpassingar som ein konsekvens av målsettingar og formidlingstilbod kjem i tillegg.

I høve utstillingar og formidling av kunnskap om villaksen, er det ønskeleg at deler av det som vert bygd opp i Lærdal også kan nyttast på dei tre andre einingane i Nasjonalt Villakssenter. Dette gjeld særleg livet til laksen, livssyklus, eigenskapar, statusen for dei ville laksestammene i Noreg m.m.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Lærdal Næringsutvikling AS / Øyraplassen 14 AS Org.nr:999088015	Pb 28	91134842
Kontakt- person	Aleksander Øren Heen	Pb 28	91134842
Prosjekt- leder	Aleksander Øren Heen	Pb 28	91134842

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Det blir sendt søknad om bidrag til prosjektet til Næringsfondet i Lærdal.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Lærdal kommune har oppretta selskapet Øyraplassen 14 AS som har teke over eigarskapen til bygget som husar Norsk Villakssenter, Sogn Kunstmuseum, Lærdal kulturhus, Lærdal musikkproduksjon AS og Laxen restaurant.

Lærdal næringsutvikling ved dagleg leiar Aleksander Heen er konstituert som dagleg leiar i Øyraplassen 14. Det har i regi av omstillingsprogrammet for Lærdal vore arbeid fram eit utviklingsprosjekt for bygget og det er skrive intensjonsavtale med Flåm AS for å utvikle eit produkt som Flåm AS kan selja til sine kundar og slik spreie turiststraumen til Flåm til større delar av Sogn og slik auke verdiskapinga i reiselivet.

Prosjekt mål

Forprosjektet skal gje oss konkrete framlegg til utstillingar og formidlingsverktøy, samt justeringar og tilpassingar av bygg og uteområde innanfor ein arkitektonisk heilskap. Det er rom for å ta i bruk eksisterande areal til andre føremål og komme med framlegg til bygningsmessige justeringar eller tilbygg. Me ønsker å tenke djervt og langsiktig og ser føre oss eit forprosjekt med ei kostnadsramme på kring 700 000 kr.

Forankring

Prosjektet er forankra hjå byggeigar Lærdal kommune, Flåm AS gjennom styrerepresentasjon i eigeidomsselskapet, Lærdal Næringsutvikling gjennom dagleg leiing og prosjektgjennomføring.

Det vil bli vurdert å engasjere eigen prosjektleiar. Per no er det sett saman ei prosjektgruppe.

Prosjektorganisering

Styre i Øyraplassen 14 AS er samansett slik:

Yngve Hallèn - Styreleiar (Valt av Lærdal kommune)

Hanne Nygård-Bøe - Styremedlem (valt av Lærdal kommune)

Inghild Lysne Sanden - Styremedlem (valt av Lærdal kommune)

Aniken Vanberg - Styremedlem (valt av Lærdal kommune)

Nils Asbjørn Lie - Styremedlem (valt av Flåm AS)

Aleksander Heen - Konstituert dagleg leiar

Styre har sett ned følgjande arbeidsgruppe for forprosjektet

Øyraplassen 14 AS/Flåm AS – Nils Asbjørn Lie (Leiar)''

Øyraplassen 14 AS – Hanne Nygård-Bøe

Nasjonalt Villakssenter - Alf Olsen

Lærdal Kommune - Rådmann

Gruppa er gjeve følgjande mandat:

Førebu utlysing paralleloppdrag arkitekt der føresetnader frå LK, NV og Flåm AS ligg til grunn. Tidsfrist 1. november 2019.

LNU vert engasjert til å bistå med finansiering.

Styre i selskapet vil vere styringsgruppe og prosjekteigar.

Samarbeidspartnere

Flåm AS

Nasjonalt villakssenter

Lærdal næringsutvikling AS

Aktiviteter

Me har behov for å få fram idear og innspel til korleis dette kan løysast, utan å vere låst av noverande arealdisponering og bygningskropp. Prosessen vil krevje eit samspel mellom arkitektar, utstillings- og formidlingsdesignarar. Resultatet skal konkretiserast gjennom eit samspel med Nasjonalt villakssenter, byggeigar og Flåm AS. Prosessen skal gje oss konkrete framlegg til utstillingar og formidlingsverktøy, samt justeringar og tilpassingar av bygg og uteområde innanfor ein arkitektonisk heilskap. Det er rom for å ta i bruk eksisterande areal til andre føremål og komme med framlegg til bygningsmessige justeringar eller tilbygg. Me ønsker å tenke djervt og langsiktig og ser føre oss eit forprosjekt med ei kostnadsramme på kring 700 000 kr.

Utstillingar og grep knytt til formidlinga av kunnskap om villaksen, ser me føre oss har ei kostnadsramme på 5-10 mill kroner.

Kostnader knytt til bygningsmessige tilpassingar som ein konsekvens av målsettingar og formidlingstilbod kjem i tillegg.

I høve utstillingar og formidling av kunnskap om villaksen, er det ønskeleg at deler av det som vert bygd opp i Lærdal også kan nyttast på dei tre andre einingane i Nasjonalt Villakssenter. Dette gjeld særleg livet til laksen, livssyklus, eigenskapar, statusen for dei ville laksestammene i Noreg m.m.

Målgrupper

Ei realisering vil gje eit nytt reiselivsprodukt som vil gje ringverknader for kringliggande næringsliv i Lærdal.

Kulturhusdelen er og vil vere viktig for innbyggjarane i Lærdal og vil bli styrka som ein konsekvens av prosjektet.

Resultat

Me ønsker å utvikle utstillingar og innhald i Villakssenteret til å bli ein internasjonal konkurranse-dyktig attraksjon. Dette er det grunnleggande elementet som må halde god nok kvalitet for å nå dei mål som er sette. Me ser utstillingar, bygg og uteområde som ein del av den totale opplevinga. Det me har, skal omformast til eit opplevingstilbod som legg til rette for å nå måla om besøk, omsetnad og ei heilskapleg oppleving. Det betyr å sjå eksisterande bygg, utstillingar og uteområde i samanheng og utvikle eit produkt som gjev 70 000 besøkande årleg mot 10 000 i dag.

Effekter

Store ringverknader for næringslivet og reiselivet i Lærdal ved at 60 000 fleire turistar vitjar sentrum i Lærdal.

Eit eige reiselivsprodukt som er salgbart til dei store aktørane innan reiseliv gjennom Flåm AS.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Utarbeiding av konkurransegrunnlag - frist - 15.10.19

Innlevering av anbod - 31.12.19

Val av løysing - 01.02.2020

Ferdig forprosjekt - 15.04.2020

Dersom hovudprosjekt:

Oppstart juni 2020

Nyopning mai 2021

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Arkitektkonkurranse	350 000	350 000				700 000
Eige arbeid - prosjektleiing og gjennomføring	50 000	50 000				100 000
Sum kostnad	400 000	400 000				800 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Flåm AS	100 000					100 000
Tilskot Nærings- og konesjonsavgiftsfondet Lærdal	100 000					100 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	500 000					500 000
Øyraplassen 14 AS	100 000					100 000
Sum finansiering	800 000					800 000

Geografi

1421-Aurland, 1422-Lærdal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato